## Redda klatrar frå Brasil

13.01.2011



**Ekspedisjonen i Aconcagua med 11 nordmenn og med Morten Nilsen som deltakar i, gjorde i går ein liten bragd.**
**Ein av deltakarane fann ein brasiliansk klatrar som hadde vore sakna i 2 dagar på fjellet.**
**Han var svært sliten, men ellers i god form.**

Nordmennene opplevde 12 minusgrader natt til i går, men det var sol og lite vind.

Gruppa var opp til neste camp og deponerte utstyr, dei gjekk også litt forbi denne campen for å komma seg over 6.000 meter over havet. Dermed har mange i gruppa notert seg for personleg rekord.

Truleg prøver gruppa å nå toppen på fredag. Formen og optimismen er framleis god, går det fram av siste rapport. Men høgda merker mange av deltakarane.

På biletet over: God stemning i campen - dei to er Morten og Astrid.



Gruppa skal truleg prøve seg på toppen fredag.